

Erstad Cornelis

From: Monika Lysne <Monika.Lysne@laerdal.kommune.no>
Sent: 9. januar 2019 12:26
To: 'Magne Ahlin'
Cc: 'arne@slindetransport.no'; Lomheim Jon Ove; Arnt Otto Øygarden
Subject: SV: 18/7247 Kunngjering av planoppstart - Reguleringsendring Rv5/E16 Håbakken, endring av avkøyrslar og lokalvegnett

Hei Magne

Takk for gode innspel til reguleringsplanprosessen. Eg arkiverer desse i saka, og sender kopi til Norconsult som skal utarbeide reguleringsplanen. Det vert viktig for oss å ha ein god dialog med Slinde Eigedom AS i denne prosessen, for å prøve å finne løysingar som kan verte best mogleg for alle aktørar i området. Reknar med det vert fleire møter med dykk i denne saka, og ser fram til samarbeidet. Me vil ta kontakt når det er naudsynt og aktuelt å drøfte ulike alternative løysingar med dykk.

 **Lærdal kommune**
Monika Lysne
Arealplanleggjar
Tlf 905 16 686

monika.lysne@laerdal.kommune.no

Fra: Magne Ahlin [mailto:magne@slindetransport.no]
Sendt: 8. januar 2019 16:41
Til: Monika Lysne
Kopi: arne@slindetransport.no
Emne: Re: 18/7247 Kunngjering av planoppstart - Reguleringsendring Rv5/E16 Håbakken, endring av avkøyrslar og lokalvegnett

Hei !

Her kjem innspel til ovafornepte avkjørsle m.m. frist 18/1-19

Me var tilstades på infomøte i dag. Viser ellers til siste 3 års korrespondanse mellom oss og kommunen i saka om utbygginga vår. Også 3 møter om denne avkjørselen med Norconsult v/ Jon Ove Lomheim. Her har me påpeika viktigheita for oss å ha romsleg nok område slik me har i dagens avkjørsel til våre vogntog som skal manøvrere på området. Når avkjørsel flyttes er det svært viktig for oss å beholde dette. Derfor har vi tidleg bedt om at nytt avkjørselsforslag som foreligger nå flyttes 20 m mot gnr.18 – br.nr 16 og 19, som me eig. Dette fordi pumper mm. skal flyttes til ny avkjørsel.

Her er en stor høgdeforskjell til veibane og derfor må pumpe- området utjamnast mot avkjørsel til samme nivå som dagens - og det må vera plass for vogntog å kjøre/passere rundt pumper som nå

. Det mener vi ikke er mulig med dagens plasseringsforslag av ny avkjørsel. Vi mener også at dersom SVV skal stenge dagens avkjørsel og flytte E-16 oppover og lage ny tilkomstveg til eigedomar på andre sida av oss - bør det ferdigstilles nå etter - "ny vegnorm" og med tanke på at dette da blir den endelige løsningen for nye avkjørselen og vegen her - ferdig` - og spesielt viktig er dette for siktforhold mot Øst .

Til sist er dette viktig for oss- endeleg å kunne planlegge langsiktig i det me driv på med på våre eigedomar me no eig på staden.

Med vennleg helsing

Magne Ahlin
Slinde Eigedom AS
6859 Slinde.

From: Monika Lysne
Sent: Sunday, December 16, 2018 2:39 PM
To: 'nve@nve.no' ; 'fmsfpost@fylkesmannen.no' ; 'post@sfj.no' ; 'Øyvind Hamre' ; 'knuto@alb.no' ; Magnhild Aspevik ; Torunn Liltved ; 'Magne@slindetransport.no' ; 'reidar@gronsberg.no' ; 'kjell@gronsberg.no' ; 'firmapost@laerdalenergi.no' ; 'firmapost-vest@vegvesen.no'
Cc: 'ole@laerdalnu.no' ; Alf Magne Hjellum ; Arnt Otto Øygarden
Subject: 18/7247 Kunngjering av planoppstart - Reguleringsendring Rv5/E16 Håbakken, endring av avkøyrslar og lokalvegnett

Me syner til vedlagte saksdokument som berre vert sendt elektronisk.

 **Lærdal kommune**
Monika Lysne
Arealplanleggjar
Tlf 905 16 686

monika.lysne@laerdal.kommune.no



Statens vegvesen

Norconsult AS – Sogndal
Dalavegen 25
6856 SOGNDAL

Jon Ove Lomheim

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Janne Grønli Lalos / 48024186	18/264761-5		14.01.2019

Uttale – Reguleringsplan – E16 Håbakken – Lærdal kommune

Vi viser til e-post datert 18. desember 2018 og telefonkontakt med Jon Ove Lomheim i saka gjeldande utviding av planområdet, der vi ba om grunngjeving for utvidinga.

Bakgrunn

Lærdal kommune ynskjer å leggje til rette for næringsetablering innanfor regulert område på Håbakken. Ifølgje utrekningar utført av Norconsult, utløyser ei etablering krav til venstresvingefelt/passeringslomme. Dette er bakgrunnen for vårt krav om passeringslomme.

Uttale

Kartvedlegg 1 er i tråd med det som er avtalt med oss tidlegare. Vedlegg 2 viser eit tillegg, og fråviker dermed frå opprinneleg avtale med oss. Etter korrespondanse med kommunen kom det fram at bakgrunnen for utvidinga er å etablere tilkomst til Statens vegvesen sitt område på Håbakken nær Lærdalstunnelen.

Regulert område på Håbakken

Bakgrunnen for at kommunen no utarbeidar ny reguleringsplan, er nettopp for å flytte avkjøyrsl, lage avkjøringsfil og stenge avkjørslar på motsett side. Dette på bakgrunn av dykkar forslag til løysing, og vår godkjenning under føresetnad av at arbeidet vert utført ihht. gjeldande handbøker og retningsliner. Planløysing 1 dykkar e-post datert 25. oktober 2018 (og godkjent av oss 22.11.18) kan leggest til grunn. Det må inkluderast tilstrekkeleg areal til vert lagt til «anna veggrunn» og omsynssone som sikrar framtidig oppgradering av E16. Vi minner om at de må følgje vegklasse H1 i ny handbok N100 Veg – og gateutforming som vart godkjent oktober 2018. Dette tilsvarar vegklasse H4 i gamle N100.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Parallelt med at kommunen no utarbeidar ny reguleringsplan for E16, vert det utarbeida ein gjennomføringsavtale mellom Lærdal kommune og Statens vegvesen.

På bakgrunn av dette føreset vi dialog undervegs i vidare arbeid, inntil reguleringsplan og gjennomføringsavtale er godkjent av Lærdal kommune og Statens vegvesen.

Tilkomst til Statens vegvesen sitt område nær Lærdalstunnelen:

Dagens riksveg 5 er ein hovudveg der gjennomgangstrafikken skal prioriterast. Dermed skal det ikkje vere for tett med avkøyrslar og kryss. Om vi definerer rv. 5 som H1-veg, er kravet i handbok N100 at avstanden mellom kryss skal vere minst 500 m, og at talet på avkøyrslar skal avgrensast. Ved Håbakken er det i dag ca. 150 m frå rundkøyringa og nordover til første avkøyrslar på rv. 5.

Ei løysing med ein ekstra arm frå rundkøyringa vil truleg verte svært kostbar for kommunen. I utgangspunktet er det mulig å ha fire armar i ei rundkøyring, men armane må ligge jamt fordelt rundt sirkelen. Slik rundkøyringa på Håbakken er utforma, er det uaktuelt å legge til ein ny arm utan ei total ombygging av rv. 5 inn mot rundkøyringa. På austsida av rundkøyringa er det i dag stor høgdeskilnad med bratt skråning ned til bygningar tett inn mot skråningsfoten. Vi kan ikkje tilrå ei slik løysing.

Plan- og forvaltningsseksjonen

Med helsing

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Janne Grønli Lalos

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Arnt Otto Øygarden

Lærdal kommune, Postboks 83, 6886 LÆRDAL

Lærdal kommune, Postboks 83, 6886 LÆRDAL

Fra: Sande Ole-Jakob <ojs@nve.no>
Sendt: 14. januar 2019 13:46
Til: Post Lærdal
Kopi: fmvipost@fylkesmannen.no
Emne: NVE sitt generelle innspel - Varsel om oppstart - Reguleringsendring Rv5/E16 Håbakken - Lærdal kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 16.12.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon og skred

God arealplanlegging er det viktigaste virkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggtknisk forskrift (TEK17) set tydelige krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (VRL). Viss det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester <https://www.nve.no/karttjenester/>](https://www.nve.no/karttjenester/) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging <http://publikasjoner.nve.no/veileder/2017/veileder2017_02.pdf>](http://publikasjoner.nve.no/veileder/2017/veileder2017_02.pdf) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar <http://publikasjoner.nve.no/retningslinjer/2011/retningslinjer2011_02.pdf>](http://publikasjoner.nve.no/retningslinjer/2011/retningslinjer2011_02.pdf) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201403352/2213145>](http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201403352/2213145) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan <<http://www.nve.no/arealplan>>.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no <<mailto:rX@nve.no>>.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201403352/2180465) <<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201403352/2180465>>. Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Ole-Jakob Sande

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30

E-post: ojs@nve.no <<mailto:ojs@nve.no>>

Web: www.nve.no <[blocked::http://www.nve.no/](http://www.nve.no/)>



NVE



Arkivsaknr.:
19/239-2

Arkiv
K2 - L12

Sakshandsamar
Monika Lysne,

Dato
21.01.2019

Notat om:
Innspel til planarbeidet - Tønjum Ungdomslag

Frida Refsum var 14.01.19 innom på kontoret til planleggjar for å gje følgjande munnlege innspel til planarbeidet, frå Tønjum ungdomslag:

Tinghall ungdomshus har i dag for lite parkeringsareal, då spesielt når det er bingo. Det er viktig at planarbeidet ikkje forringar deira område, og spesielt ikkje fører til at dei får mindre parkeringsareal enn i dag.

Ref.
Monika Lysne
arealplanleggjar



Arkivsaknr.:
19/239-4

Arkiv
K2 - L12

Sakshandsamar
Monika Lysne,

Dato
21.01.2019

**Notat om:
Innspel til planarbeidet - Arne Harald Tønjum**

Arne Harald Tønjum var 15.01.19 på møte med sakshandsamarane og fekk her gjennomgang av saka og tilgang på utkast til kartmateriell. Han kom her med følgjande munnlege innspel til planarbeidet:

- Tilkomstvegen må vera breid nok til at to bilar kan passera kvarandre, og at større køyretøy har tilgang til Grønsberg sitt areal. Kryssa må og utformast for tilkomst til større lastebilar.
- Det er i dag eit areal mellom gangvegen og jordet hans som ikkje vert stelt. Ynskjer at det vert etablert mur langs dette arealet, for å unngå skråning som ikkje vert stelt, og for å unngå at mykje av landbruksarealet vert nytta til skråning.
- Gjer merksam på at det er ein gamal brønn ved tilkomstvegen (gamle «Grønsbergbrønnen»). Denne brønnen er i dag fylt opp med stein, men toppdelen er ikkje fjerna. Usikkert kven sitt ansvar dette er.

Til stades på møtet: Arnt Otto Øygarden (byggjesakshandsamar), Monika Lysne (arealplanleggjar) og grunneigar Arne Harald Tønjum.

Ref.
Monika Lysne
arealplanleggjar



Sakshandsamar:

Glenn Heine Orkelbog
E-post: Glenn.Heine.Orkelbog@sfj.no
Tlf.: 41530612

Vår ref.

Sak nr.: 18/9620-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 16.01.2019

Lærdal kommune
Postboks 83

6886 LÆRDAL

Lærdal - Reguleringsendring Rv5/E16 Håbakken - kulturminnefagleg fråsegn

Automatisk freda kulturminne

Planområde ligg i eit område der det i nærområda tidigare er påvist omfattande førhistoriske busetjingsspor.

På bakgrunn av ovannemnde finn Sogn og Fjordane fylkeskommune grunnlag for å stille krav om arkeologiske registreringar innanfor planområdet for å oppfylle tiltakshavar si undersøkingsplikt jamfør lov om kulturminne § 9. Jamfør § 9 pliktar den ansvarlege leiar eller forvaltingsorgan ved planlegginga av større offentlege eller private tiltak etter lova § 8, første ledd, å undersøke om tiltaket vil verke inn på automatisk freda kulturminne på ein måte nemnt i lova § 3, første ledd.

Registreringa kan berre utførast på bar og telefri mark.

I medhald til lov om kulturminner § 10 skal tiltakshavar sjølv dekke dei utgiftene kulturminnemyndighetene har i samband med gjennomføringa av undersøkingsplikta etter § 9. Det er budsjettert med inntil 10 dagsverk, og inntil 5 dagar til etterarbeid. I tillegg kjem inntil 3 C14 prøver i fall det vert påvist relevant dateringsmateriale.

Det vil vere bruk for gravemaskin til arbeidet. Det trengst i utgangspunktet ei ca 13 tonns beltegåande gravemaskin med pusseskjer påmontert skuffa. Kostnader til maskin er ikkje teke med i vedlagd kostnadsoverslag.

Vi ber kommunen ordne med maskin og graveløyve slik at dette er klart i god tid før oppstart av feltarbeidet.

Det vert understreka at tidsberekninga er eit antatt maksimumsoverslag. Dersom vi finn kulturminne, vil det ta tid å avgrense og dokumentere desse. Dersom det ikkje vert gjort noko funn undervegs, vil undersøkinga ta kortare tid.

Konklusjon

Vi gjer merksame på at planen ikkje kan vedtakast i kommunen forut for at fylkeskommunen har gjeve endeleg uttale på grunnlag av varsla registrering.

Før vi set i gong arbeidet ber vi om at vedlagt skjema (side 3) vert underskrive og returnert Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer eit snarleg svar frå kommunen om godkjenning av budsjett. Det bør deretter takast kontakt med Kulturavdelinga slik at tidspunkt for registreringa kan avklarast.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør

Glenn Heine Orkelbog
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Kostnadsoverslag
Akseptskjema

Mottakar (ar)
Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL

Akseptskjema

Kulturminneregistrering i samband med reguleringsendring for Håbakken i Lærdal kommune

Sak nr:18/9620

Tiltakshavar tek ansvar for følgjande:

	Nærings- og kulturavdelinga ynskjer utført/stadfesta:	Vert med dette stadfesta av tiltakshavar:
Kostnadsoverslaget vert akseptert	X	
Grunneigarar og brukarar er varsla om undersøkinga	X	
Eventuell avlingsskade vert erstatta	X	
Kabelpåvising vert bestilt og utført. Kablar vert merka med merkespray el. liknande (tele-, fiber- og straumkablar, VA grøfter m.m.)	X	
Oppdaterte planar for tiltak vert oversendt før registreringa	X	
Tiltakshavar skaffar gravemaskin, minimum 13 tonn, med pusseskuff	X	

Fakturering

Namn og adresse, også e-postadr., til tiltakshavar:

Organisasjonsnummer/evt. personnummer:

Dato

Signering



Arkivsaknr.:
19/239-3

Arkiv
K2 - L12

Sakshandsamar
Monika Lysne,

Dato
21.01.2019

Notat om:

Innspel til planarbeid - Reidar Grønsberg


Sakshandsamarane og konsulent var på synfaring i planområdet 17.01.19, og fekk her følgjande munnlege innspel frå Reidar Grønsberg:

- Viktig at tilkomsten til eigedomane og kryssa vert utforma slik at det vert tilgjengeleg for større lastebilar å koma til eigedomen hans.
- Ynskjer rekkverk ut mot E16, der eksisterande avkøyrsløse til eigedomen hans er i dag. Vegen opp til eigedomen kan bli svært glatt, og rekkverk aukar tryggleiken dersom ein mistar kontroll på tilkomstvegen, dersom ein kjem køyrande ned frå eigedomen hans.
- Ynskjer skilt til næringsarealet sitt frå E16/kryss ved E16.
- Gjer merksam på at det er ein gamal brønn ved tilkomstvegen. Uklart kven som skulle fjerne denne brønnen (kommunen, grunneigar eller Grønsberg).

Til stades på synfaringa:

- Jon Ove Lomheim, Norconsult
- Lærdal kommune: Alf Magne Hjellum (tekniske tenester), Arnt Otto Øygarden (byggjesakshandsamar) og Monika Lysne (arealplanleggjar).
- Reidar Grønsberg deltok på delar av synfaringa.

Monika Lysne
arealplanleggjar



Lærdal kommune v/Planavdelinga.

17.01.19

Postboks. 83, 6886.


Innspel til den foreslåtte reguleringsplan for Rv5/E16, Håbakken.

Me var på møte med Norconsult 08.01.19 der dei la fram planane for den nye avkøyrsla til Håbakken næringsareal del 1. Der det blir opplyst at min eigedom ikkje var med i den planen og eg er sterkt imot at nesten halvparten av min eigedom 19 – 12 skal regulerast, dette er heller ikkje i tråd med reguleringsplan for Håbakken del 1, så grensa må følgje den gamle reguleringsplanen frå 1998. Eg kan også opplysa at me i det foreslåtte reguleringsområde har ein vassbrønn som forsyner 3 husstandar. Eigedom 19 – 12 , 19 – 28 og 19 – 30 er redde for at denne brønnen skal bli forureina på grunn av salt og anna kjemiske påføringar langs og på vegen. Håpar me kan få eit svar frå dykk og få ein betre dialog enn me har i dag.

Helsing bebuarar på 19 – 12 , 19 – 28 og 19 – 30.

Arvid Johan Steinheim
Mait Offordal Steinheim.
ØVIND AA LYSNE.
Line Man Steinheim herden

Er ikke med på
at dette område skal
reguleres. Dette må
følge den gamle reg. grensnelags E16 fra 1998.
Dette er ikke i tråd med
gjeldende plan for Habakken
del 1.



00334 39 L

334#1661 5043819f-9466-47e1-89ff-8e0723ee8141 5



Lærdal kommune
 Postboks 83
 6886 LÆRDAL

Vår ref.
 Sak nr.: 18/9620-3
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
Dykkar ref.
Dato
 LEIKANGER, 18.01.2019

Kunngjering av planoppstart - Reguleringsendring Rv5/E16 Håbakken, endring av avkøyrslar og lokalvegnett.

Vi viser til oversending dagsett 16.12.2018.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for nye avkøyrslar og vurdere stenging av nokre eksisterande avkøyrslar og endring i lokalvegnettet.

Nyare tids kulturminne

«Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging» (juni 2015) legg vekt på at kulturminne og kulturmiljø er viktige for identitet og tilknytning, og ein ressurs for næringsutvikling. Kommunane har gjennom «Nasjonale forventningar» fått hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål. Kommune- og reguleringsplaner er eit viktig reiskap for å nå dei nasjonale måla.

I omtalte planområde finst det fleire kulturminne. Alle utanom Tønjum ungdomshus er SEFRAK-registrert.

Tingheim gard (gbnr 16/11)

Tingheim er omfatta av våningshus, løe og uthus. Våningshuset vert kalla Sersjanthuset, då det vart bygd av ein sersjant kring 1880-90. Gardsanlegget med våningshus, driftsbygningar og uthus har høg autentisitet og lokal/regional verdi, og har klare kulturhistoriske verdiar. Ein bør av den grunn ikkje gjere tiltak som kan føre til skade på denne bygningen. Vi vil her tilrå omsynssone med føresegnar som tek vare på bygningane og området rundt.

Tønjum ungdomshus (gbnr 16/11)

Tønjum Ungdomslag vart skipa i 1896. Ungdomshuset vart bygd i 1937, og er bygd i ein klassisk form. Ungdomshuset representerer lags- og organisasjonshistoria i Lærdal, og er av den grunn av høg kulturhistorisk verdi. I tillegg har bygningen høg symbol- og identitetsverdi. Ein bør ikkje gjere tiltak som kan føre til skade på denne bygningen. Vi vil her tilrå omsynssone med føresegnar som tek vare på bygningen.

Samanbygd sauefjøs og løe (gbnr 18/16)

Sauefjøset (mot vest) og løa (mot aust) er begge lafta bygningar, truleg frå 1700-talet. Bygningane låg tidligare under prestegarden i Lærdal før utskiftinga i 1900. Bygningane vitnar om tidlegare bruk av areal og landskap, og har av den grunn høg kunnskaps- og opplevingsverdi. Begge bygningane har også høg autentisitet og kulturhistorisk verdi. Vi vil her tilrå omsynssone med føresegnar som tek vare på bygningen.

Haugabakken (gbnr 16/34)

Gardstunet er omfatta av våningshus og uthus. Våningshuset vart bygd kring 1860 på Rauno, og vart flytta til noverande plassering kring 1930. Bygningen har klar kulturhistorisk verdi. Vi vil her tilrå omsynssone med føresegnar som tek vare på bygningen.

Eri (gbnr 19/2)

Garden Eri er omfatta av våningshus, stabbur og driftsbygning. Våningshuset er bygd i perioden 1850-75 og er ein lafta bygning. Glasveranda mot nord-aust. Stabburet er lafta og er frå 1800-talet. Dørene inne i stabburet er truleg eldre enn stabburet, då det finst ein inskripsjon med årstal 1798 på desse. Driftsbygningen er truleg bygd etter 1900. Heile gardsanlegget har klare kulturhistoriske verdiar. Vi vil her tilrå omsynssone med føresegnar som tek vare på bygningane og området rundt.

Kulturminna er verdiskapande element i kulturlandskapet og bidreg til ein auka oppleving av landskapet ein ser frå vegen. Vi vil av den grunn tilrå at ein ikkje utfører tiltak som kan skade eller endre dei kulturminna som er nemnde ovanfor.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør

Martin Hellebostad Skjønhaug
trainee

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Dag Endre Stedje, 5764 3150

Oppstartvarsel for arbeid med reguleringsendring for Rv 5/E16 Håbakken, endring av avkøyrslar og lokalvegnett i Lærdal kommune

Vi viser til oversending dagsett 16.12.2018.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for nye avkøyrslar og vurdere stenging av nokre eksisterande avkøyrslar og endring i lokalvegnettet. Av saksutgreiinga går det fram at Statens vegvesen har akseptert ny avkøyrslar til næringsarealet, men har stilt krav om at nokre andre avkøyrslar då må stengast, og at det vert laga avkøyringsfil. Stengde avkøyrslar vil sette krav til nye lokalvegar eller forlenging av eksisterande.

Skriv med merknader frå Fylkesmannen til oppstart av reguleringsplanarbeid

For utfyllande merknader knytt til aktuelle fagtema, viser vi til følgjande punkt i skrivet Fylkesmannen sine merknader til oppstart av reguleringsplanarbeid: 2. naturmangfald, 5. vassdrag, 6. landskap/estetikk, 7. grønstruktur, 8. barn og unge, 9. universell utforming, 10. landbruk, 11. ureining og 13. samfunnstryggleik og beredskap. Kopi av skrivet ligg ved. **Vi presiserer at desse merknadene i skrivet er å sjå på som ein del av fråsegna vår til oppstartsvarelet, og vi legg til grunn at det kjem tydeleg fram korleis relevante punkt er vurderte.**

Som kjent skal planomtalen gjere greie for verknadene planen vil kunne få for ulike interesser og omsyn (jf. pbl. § 4-2).

Planområdet kryssar elveløpet Kjerringjel (som munnar ut i Lærdalselvi) og i nordvest kjem plangrensa nær ein elvekile. Vi ser på Lærdalselvi, med laks/sjøaure og fiskeinteresser, som viktige tema i planarbeidet, jf. lakse- og innlandsfiskelova §§ 1 og 7. Vi legg til grunn at planen sine verknader for desse interessene vert vurderte i planomtalen.

Vi føreset at nye lokalvegar eller forlenging av eksisterande vegar ikkje inneber nye inngrep med negative verknader for sideelv, elvekile og fiskeinteresser knytt til Lærdalselvi. Det er også svært viktig å unngå indirekte verknader som avrenning/partikkelureining til vassdraget frå anleggsarbeid med avrenning til sideløp til Lærdalselvi. Dersom det som følgje av tiltak i planen er fare for slik ureining, føreset vi at det vert stilt krav i føresegnene om avbøtande tiltak som forhindrar dette.



Kantvegetasjon langs vassdrag er underlagt eit generelt vern etter vassressurslova § 11. Fylkesmannen er vassdragsstyresmakt etter denne paragrafen. Vi føreset at det ikkje vert opna for tiltak/inngrep nær elvekilen eller i kantvegetasjonen som reduserer verdien av elvekilen, og som kan føre til at planane og arbeidet med å reetablere dette viktige sideløpet (for sjøaure og laks), med tilhøyrande kantvegetasjon, vert vanskelegare. Vi viser her til fråsegner frå Fylkesmannen i samband med utarbeidinga av områdereguleringsplanen for Håbakken næringspark.

Landbruk

Planområdet omfattar fulldyrka jordbruksareal som det er viktig å ta omsyn til i planarbeidet. I samband med etablering av nye kryss og lokalveggar oppmodar vi difor om å velje utbyggingsløyningar som reduserer nedbygging av dyrka jord. Vi legg elles til grunn at planomtalen gjer greie for verknadene planframlegget har for landbruksinteressene i området. Så langt det gjeld spørsmål og problemstillingar om landbruk, viser vi også til Fylkesmannen sitt brev med merknader til oppstart av reguleringsplanarbeid, som er vedlagt fråsegna. Sjå spesielt det som står om å ta vare på matjorda.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dag Endre Stedje
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

NVE, Region Vest
Sogn og Fjordane
fylkeskommune

Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE
Askedalen 2 6863 LEIKANGER